

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
029/21	Formannskapet	PS	18.03.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Christopher Marius Straumøy	FE-000, TI-&58, HistSak-15/37, HistSak-06/1464	21/230

Tilsynsstrategi Austrheim kommune 2021

Framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Formannskapet - 029/21 - 18.03.2021

FS - behandling:

Sakshandsamar Christopher Straumøy orienterte om saka:

Tilsynsstrategien som vert lagt vidare byggjer på den strategien ein har hatt, men med eigne prioriteringar for 2021.

Får inn mange tips om ulovlege tiltak i løpet av eit år, nokre vert sjekka ut, medan andre må følgjast opp.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om ein har nok ressursar til å følgja opp ulovlege tiltak.

Straumøy svara at kommunen pliktar å følgja opp desse sakene, men det er kommunen som prioritérer, og ein kan ikkje klaga på prioriteringa.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft sa at ein har avgrensa ressursar til å følgja opp.

Sakshandsamar Christopher Straumøy sa vidare at det vert gjort oppfølging etter forureningslova, men det fell litt utanom dette med tilsynsstrategi.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

1. Saka gjeld:

Årleg strategi for byggetilsyn i 2021.

2. Saksopplysningar:

Eining for plan, bygg, oppmåling og miljø har gjennom 2020 arbeid med tilsyn i tråd med tilsynsstrategien for 2020. Tilsynsstrategien for 2020 hadde følgjande målsetjing:

- Det skal førast tilsyn med alle nye publikumsbygg.
- Det skal førast tilsyn med 3 tiltak utan ansvarsrett.
- Det skal førast tilsyn med 5 tiltak med ansvarsrett.
- Det skal førast tilsyn med 2 tiltak utan krav om søknad.
- Minimum 3 av tilsyna skal vere bustader.

Gjennom 2020 har det vert totalt 15 aktive tilsyn. Av dei 15 aktive tilsyna er 7 av tilsyna tiltak med ansvarsrett og 8 utan ansvarsrett. 3 av tilsyna har vert på bustader. Det er ikkje ført tilsyn med ansvarleg føretak. Ingen av tilsyna omfatta publikumsbygg.

Av dei 15 aktive tilsyna har 7 av tilsyna medført vidare oppfølging grunna manglar/avvik. Det er i hovudsak tiltak som anten er utført utan løyve, eller tiltak som er utført i strid med løyve. Ved fleire av tiltaka er det føretak som har utført arbeid utan løyve eller i strid med løyve.

Tilsyna i 2020 har vert variert og medført vidare oppfølging i 7 av 15 saker. Rådmannen meiner både mengda tilsyn og prioriteringa av kva saker det vert ført tilsyn på er tilfredsstillande for å avdekke eventuelle lovbro. Tilsyna som er utført i 2020 har i hovudsak avdekkta mindre alvorlege forhold som er retta opp utan bruk av pålegg.

Med bakgrunn i erfaringar frå byggjetilsyn i 2020, samt føregåande år, vert det difor rådd til følgjande tilsynsstrategi for Austrheim Kommune i 2021:

Tilsynsstrategi for Austrheim Kommune 2021

Målsetning for tilsynet

Målsetninga for tilsynet er å avdekke feil og manglar ved tiltak. Slik vil tilsynet vere eit verktøy for å sikre at ein får gode og sikre bygg for folk å opphalde seg i.

Organisering av tilsynet

Tilsynsmynda i Austrheim Kommune er underlagt eining for plan, byggesak, oppmåling og miljø.

Kompetansebehov

Eining for plan, byggesak, oppmåling og miljø har både byggeteknisk, brannteknisk og juridisk kompetanse. Tilsynet vil freiste å nytte denne kompetansen. Om det vert behov for kompetanse ut over den som eininga sjølv har vil det verte henta inn ekstern kompetanse etter behov.

Rutinar

Eining for plan, byggesak, oppmåling og miljø vil regelmessig ha statusmøte i tilsynet der ein går gjennom pågående og avslutta prosjekt. Ut frå målsetninga for tilsynet vil ein ta ei konkret vurdering av kva tiltak ein skal føre tilsyn med. Tilsynet vert så tilpassa den enkelte sak.

Resursbruk for tilsynet

Tilsynet vil i hovudsak nytte interne resursar ved eining for plan, byggesak, oppmåling og miljø. Resursbruken er anslått til 0,1 årsverk.

Finansiering

Tilsynet vert finansiert gjennom budsjett for eininga plan, byggesak, oppmåling og miljø. Deler av dette er gebyrinntekter for byggesak.

Utvelgelse og prioritering av fagområde for tilsyn

Tilsynet vil i perioden 01. januar 2021 til 31. desember 2021 ha særleg fokus på følgjande:

- At krav til branngjeld er oppfylt i nye publikumsbygg
- At tiltak både med og utan ansvarsrett er prosjektert og utført i tråd med løyve.
- At ansvarlege føretak har gode rutinar for å sikre at tiltak vert utført i tråd med gjeldande reglar.
- At tiltak som kan førast opp utan løyve er ført opp i tråd med plan- og bygningslova.
- At tiltak gjennomførast i tråd med prinsippet om universell utforming.
- Sikre ålementas ferdsel- og friluftsliv i dei mest attraktive områda langs sjøen.
- Styrke respekten for regelverket og truverd rundt behandlinga til kommunen av byggesaker, herunder styrke kjensla til publikum av likebehandling.
- Betre kvalitet på byggesøknader.

I arbeidet med ulovlegheitsoppfølging vil kommunen prioritera:

- Å hindra akutt fare for liv og helse.
- Å stansa/følgje opp/ bringe til opphøyr einingar som er etablert utan løyve frå kommunen.

- Å stansa/følgje opp/ bringe til opphøyr ulovlegheitar i strandsona.
- Å stansa/følgje opp/ bringe til opphøyr ulovlegheitar som kan få samfunnsmessig tyding.

Vidare skal kommunen i 2021 ha særleg fokus på produktdokumentasjon, og kvalifikasjonar til føretak då dette er eit statleg fokusområde.

Målsetjing for antall tilsyn som skal utførast i 2021

- Det skal førast tilsyn med alle nye publikumsbygg.
- Det skal førast tilsyn med 3 tiltak utan ansvarsrett.
- Det skal førast tilsyn med 5 tiltak med ansvarsrett.
- Det skal førast tilsyn med 2 tiltak utan krav om søknad.
- Minimum 3 av tilsyna skal vere bustader.

3. Vurdering:

Kommunane har plikt til å føre tilsyn med dei ulike aktørane i byggeprosessen. Dette følgjer av plan- og bygningslova § 25-1. Når det gjelder oppfølging av ulovlege tiltak følgjer oppfølgingsplikta av plan- og bygningslova § 32-1.

Tilsynsoppgåvene som skal utførast er ei vidareføring av sjølve byggesakshandsaminga der ein typisk går inn etter at arbeidet er satt i gang eller eventuelt sluttført og føre tilsyn med både underlagsmateriell og fysisk utføring. Dette for å sikre kvalitet i dei ulike tiltaka.

Ulovlegheitar følgjast opp på eige initiativ og etter tips frå publikum.

Som eit ledd i kommunen si plikt til å føre tilsyn skal det og utarbeidast ein årleg tilsynsstrategi.

Rådmannen meiner tilsynsstrategien som her vert framlagt vil løyse oppgåvene på ein god måte.

4. Konklusjon:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 25-1, jf. byggesaksforskrifta § 15-1.